525 Komm avløp - Midsund avløp	100 000	100 000	100 000	-
527 Komm avløp - Slamavskiller Rakvågen	100 000			-
<b>Investeringer VA</b>	<b>14 100 000</b>	<b>9 500 000</b>	<b>300 000</b>	-
<b>Sum Investering:</b>	<b>58 311 000</b>	<b>89 193 000</b>	<b>41 454 000</b>	-



## Politikk og administrasjon

Under administrasjon ligg politisk verksemd, rådmann/ planleggjar, HTV/verneombod, personal, økonomi, sørviskontor/politisk sekretariat, revisjon og utgifter til soknet/andre trudomssamfunn.

### Spesielle mål og oppgåver

- Organisasjonskultur som legg vekt på sørvis, kvalitet og brukarbehov
- Yte god sørvis – eksternt og internt
- God og rask saksbehandling
- Utvikle planar som vert gode styringsverkty som sikrar god ressursutnytting
- Oppdaterte og funksjonelle beredskapsplanar.

### Årsverk

	2014	2015	2016	2017
Årsverk	10,4	9,7	9,3	10,0

### Kommentar:

Stilling IKT/innkjøp 75 %. RORikt har sagt opp avtalen om kjøp av tenester. Nye oppgåver/funksjonar blir tillagt stillinga (Visma/innkjøp). Stillinga yter tenester til alle einingane. 50 % stilling knytt til frivillig sentral der 25 % er finansiert av integreringstenesta. Vidare er delar av stillinga finansiert gjennom rammeoverføringane.

### Økonomiske rammer Administrasjon og politisk styring

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Politikk og revisjon	2 363 480	2 000 000	1 969 000	1 869 000	1 969 000	1 869 000
Administrasjon og fellesutgifter	11 652 352	11 333 000	12 739 000	12 739 000	12 739 000	12 739 000
Tilskot til Midsund sokn og til ar	1 728 960	1 720 000	1 760 000	1 760 000	1 760 000	1 760 000

Endringar i driftsramme for 2017, og i planperioden politikk og administrasjon

- Utgifter med kroner 100.000 til stortingsval i 2017 og kommuneval i 2019
- Inntektsida er styrka med kr 125.000 til god helse arbeid. Oppgåva må delast på fleire tenesteområde
- Utgifter til planleggjarstillinga heile året.
- Nettoutgift knytt 75 % stilling IKT/innkjøppssamarbeid – netto auke på 25 %. Denne ressursen blir nytta ute i einingane også.
- Prosjektmidlar knytt til arbeidet med ny kommune kroner 150.000
- Inntekt kulturminneplan og registrering friluftsområde kr 200.000 – dette er «nye» oppgåver som må gjerast

### Planlagde investeringar

Planlegging og bygging av nytt administrasjonsbygg.

I tillegg skal det investerast via ROR IKT – Midsund sin andel er på kr 772 000,- jf Styret sitt forslag til budsjett.

Midsund sokn og andre trudomssamfunn:

Netto ramme til Midsund sokn er satt til 1.730 million kroner.

- tenesteyting på kr 570 000,-
- tilskot til drift kr 1 160 000,-

Tilskot til andre trudomssamfunn budsjetttramme kr 30 000,- skal utbetalast ut i frå oversikt vi får på tal på medlemmar i dei ulike tru- og livssynssamfunna i vår kommune. Satsen reknast ut i forhold til kommunen sitt tilskot til soknet.



## Oppvekst og kultur

Under oppvekst ligg skular, barnehagar, kulturskule, PPT, logoped, vaksenopplæring, bibliotek, skulefritidsordning, kulturformål, ungdomstiltak, friluftsliv og administrasjon

### Felles mål og oppgåver

Midsund kommune arbeider for å gi eit godt tilbod innan opplæring, oppvekst og kultur. Og ynskjer å legge til rette for at barn og unge skal ha eit positivt sjølvbilete, lokal identitet og vilje til å ta ansvar

### Økonomisk ramme oppvekst:

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Oppvekst og kultur	1 330 845	1 501 000	1 541 000	1 541 000	1 541 000	1 541 000
Vaksenopplæring, PPT og spesial	2 091 608	1 621 000	1 519 000	1 519 000	1 519 000	1 519 000
Privat grunnskule	907 378	918 000	935 000	935 000	935 000	935 000
Andre barnehagar	103 488	125 000	380 000	380 000	380 000	380 000

Endringar i driftsramme for 2017 og i planperioden

- Bibliotek : Det er godt besøkt og ein ser auke i utlån. På sikt må stillingsprosenten aukast for å møte behovet når de gjeld utlån og møte krava som kjem frå sentrale hald i forhold til kommunale biblioteknester.  
Midsund skule brukar biblioteket aktivt som sitt skulebibliotek  
Det arrangerast Kulturkeldar på biblioteket i tett samarbeid med Midsund kulturskule.  
Språkkafe`for minoritetsspråklege i regi av Midsund frivilligentral blir og halde på biblioteket.
- Vaksenopplæring: Kommunen har teke i mot flyktningar og det vil over ein periode vere meir forutsigbart i forhold til antal elevar på vaksenopplæringa og, og på tildeling av norsktildskott. Utfordingar er at elevane begynner på ulik tid av skuleåret og er på ulik nivå i læringa. Dette kan føre til auka behov for lærarressursar. Det samarbeidast tett med Intergreringstenesta når det gjelder norskopplæringa og introduksjonsprogrammet, dette gjelde også på ressursbruk. Målet hausten 2017 er at ein igjen kan tilby nybegynnar-kurs i norsk for arbeidsinnvandrar og andre som ønsker norskopplæring i Midsund kommune. Dette er kurs elevane må betale for sjølve. Det vil bli ei auke i kursavgifta.
- Vi kjøper logopedteneste med 20% teneste frå Molde kommunen. Det tilbys ikkje logopedteneste for vaksne i Misund kommune, det gjelde berre barn i barnehage/grunnskule.
- Tøndergård skule: Ikke bruk av fast plass vil gi refusjon (inntil 50%). Kostnad kr. 200.000,-
- Privat grunnskule: Kostnadene varierer med endring i talet på elevar med vedtak om spesialpedagogiske tiltak.
- Andre barnehagar: Kostnaden kan variere, men vi har god oversikt over forventa kostnadar på refusjon for plass i privat barnehagar for kommande periode.

## Integreringstenesta

Det er budsjettert med 3,2 årsverk på dette tenesteområdet, og av dette vil 1,2 årsverk ha arbeidsstad på skulane. Ein legg til grunn at vi i 2017 skal busetje ein ny familie med 4 personar, 4 færre enn kva vi var oppmoda om å busetje. Mindre tilstrøyming av flyktningar gjer at IMDI har redusert talet på busetjing i 2017. Budsjettet overskot på området (Integreringstenesta med fråtrekk av integreringstilskot) på kr 290.000,- går til styrking av andre tenesteområde. Integreringstilskotet kr. 5.136.000,- er ført under andre statstilskot.

## Midsund skule

### Mål og oppgåver:

- Eit opplevd kvalitetstilbod innan opplæring, oppvekst og kultur
- Legge til rette for at barn og unge har eit positivt sjølvbilete, lokal identitet og vilje til å ta ansvar
- Midsund kommune yter framtidsretta tenester med ansvarlege og motiverte medarbeidrarar

### Tal på elevar og tilsette ved skulen:

Elevtal ved Midsund skule:

	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
	158	157	174	168	159	162

Årsverk Midsund skule:

	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum tilsette:	25	25	25	25	25	26
Sum årsverk:	21,5	20,7	21,8	21,7	21,38	22,3*

\*Auke årsverk til assistent/fagarbeidrarar til oppfølging av enkeltelevar

### Økonomisk ramme Midsund skule:

	<b>Regnskap 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>	<b>Budsjett 2020</b>
Midsund skule	16 738 771	17 237 000	18 106 000	18 106 000	18 106 000	18 106 000

### Kommentarar :

- Auke i timer til valfag, auka skuleveka for ungdomstrinnet med 30 min. pr. veke og auke med 1 time pr. veke til mellomtrinnet utan at det er kompensert i budsjettramme. Dette er sentrale føringar ein ikkje kjem utanom. Neste skuleår har skulen 109 elevar på ungdomstrinnet og 53 elevar på mellomtrinnet. Undervisningstimar på ungdomstrinnet er dyrare enn på barnetrinnet. I tillegg fører eit stort ungdomstrinn til fleire elevar som skal ha valfag og 2. framandspråk/språkleg fordjuping.
- Lav lærartetthet. Gjennomsnittleg lærartetthet i ordinær undervisning:
  - **Midsund skule:**      **2014: 16,5**      **2015: 16,9**      **2016: 17,9**
  - **Møre og romsdal:**      **2014: 16,1**      **2015: 16,2**      **2016: 16,2**
- 60% - 80% reduksjon i undervisningstimar neste skuleår. Færre timer til ordinær undervisning. For neste skuleår er det berre delingstimar i dei faga der dei fysiske areala gjer at elevgrupper må delast (mat og helse, kunst og handtverk, basseng). Det er ikkje rom innanfor timerammene til kvar klasse til å løyse utfordringar ved fråver.



- Vikarposten er ytterlegare redusert. Behovet for vikarar er ikkje redusert.
- Prosentvis høg andel elevar med spesialundervisning inneverande skuleår. Det er ikkje teke høgde for eventuelle nye behov for spesialundervisning.
- 25% timar reduksjon i særskilt norskopplæring. Det vil vere minoritetsspråklege elevar som får færre timar til norskopplæring enn dei burde hatt.
- Opplæringslova § 8-2 om inndeling av elevgrupper slår fast at; inndelinga «må ikkje være større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg». I ein del fag må ein bruke delingstimar, t.d. kunst og handtverk, mat og helse, symjing, valfag, 2. framandspråk, språkleg fordjuping og arbeidslivsfag. Ut over dette er det mange klassar som har behov for pedagogisk styrking, særleg i fag som norsk, matematikk og engelsk. Driftsnivået i budsjettet for neste skuleår er på eit nivå som gjer at blir vanskeleg å halde god kontinuitet og ønska kvalitet på den daglege drifta, og det vert utfordrande å drive fagleg forsvarleg innanfor rammene.
- Kutt i undervisningsmateriell, for 2017 redusert til kr 250 000. Dette er langt under det regnskapet på posten for undervisningsmateriell har vore på mange år.
- Det er ikkje rom for fornying eller nødvendige innkjøp av inventar og utstyr/ikt-utstyr. Skulen kjøper gamle datamaskiner som raskt vert utdaterte. I tillegg har interaktive tavler, projektor og anna nødvendig utstyr også ein del driftsutgifter.
- 2 lærarar tek vidareutdanning inneverande skuleår. Det er lagt inn midlar til at ein fullfører dei forpliktingane ein har til desse. Neste skuleår er det ikkje midlar til vidareutdanning. I den driftssituasjonen skulen vert i bør dette heller ikkje prioriterast.

## Investeringar:

- Fullføre nødvendige oppgraderinger, også uteområdet for ungdomstrinnet. Dette er investeringar som verkar positivt på miljøet blant elevane.
- Gjennomføre investering i nytt ventilasjonsanlegg.
- Ventilasjonsanlegg sløydsal.
- Fullføre oppgradering av uteområdet for ungdomstrinnet.
- Gjennomføre trafikkløysingsplaner aust (buss, bibliotek etc)
- Behov for oppgradering av inventar på spesialromma (sløydsal, naturfag, tekstil).

Stian Løken

Einingsleiar

## Raknes skule

**Visjon -** Trivsel, tryggleik og kunnskap

Hovudoppgåver. Grunnskuleopplæring, tilpassa norskopplæring for elevar med innvandrar-/flyktningbakgrunn, leksehjelp og SFO-tilbod 1. – 4. årssteg.

### Mål

- Godt arbeidsmiljø med fokus på fellesskap, trivsel og synleg leiing
- Eit godt arbeidsmiljø for å oppnå god kvalitet og gode resultat i undervisninga.
- Eit optimalt arbeidsmiljø med trivsel og engasjerte medarbeidarar.

	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Tal elevar	103	98	98	83	66	84	98
Enkeltvedtak	3	2	3	6	5	5	4
Framandspråk lærartimar	23	18	18	18	20	10	10
Årsverk lærarar inkl.adm	8,62	8,12	7,91	6,94	7,44	7,70	8,39
Årsverk assistent skule		1,16	2,23	1,92	2,63	2,21	2,88
Årsverk assistent SFO		0,42	0,67	0,67	0,67	0,52	0,74
Elevar med leksehjelp		17	18	18	25	23	22

### Økonomisk ramme:

	<b>Regnskap 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>	<b>Budsjett 2020</b>
Raknes skule og SFO	7 428 626	8 422 000	9 233 000	9 233 000	9 233 000	9 233 000

### Kommentar budsjett og økonomiplan:

- Budsjett 2016 bygger på driftsnivå haust 2016, med ei forventa lønns- og prisstigning.
- Auka lærarressurs, 100 % stilling frå 1. august 2017 (fem mnd. verknad) grunna to førsteklassar hausten 2017
- Auka assistentressurs i førsteklassane (enkeltelev). 24 t. = 57 % stilling.

Reduksjon i rammetimar for språkopplæring av framandspråklege elevar. Men det hjelper på at vi får overført ressursar frå integreringsbudsjettet til ein del av dette arbeidet.



## Elev prognosar for Raknes skule.

Raknes skule opplever på tredje året auke i elevtalet .

Hausten 2017 blir det 7 klassar. To parallellar i alle klassane med unntak av 4. klasse.

Dette betyr da at skulen vår er sprengt frå 1.08.2017.

- Det blir vurdert å slå saman to klassar.
- Manglar eit klasserom frå hausten.
- Manglar grupperom
- Manglar møterom
- Kantina vår blei teken i bruk som klasserom til 4. klasse hausten 2016.
- Nedslite uteområde.

Hadde med ønskje om oppgradering / innkjøp av leikeapparat og fornying av kunstgraset på 2016-budsjettet, men dette vart ikkje prioritert.

**Ny skule må på plass snart, elles må Raknes skule både byggast på og oppgraderast.**

### Elevar i 1. klasse.

Førsteklassingar 2013: **23**

Førsteklassingar 2014: **19**

Førsteklassingar 2015 ( 2 klassar): **25**

Førsteklassingar 2016 ( 2 klassar): **26**

Førsteklassingar 2017 ( 2 klassar): **26**

Jonas Storvik

-einingsleiar-

## Midsund Barnehage

Midsund barnehage er ein barnehage med 3 avdelingar, med totalt 54 plassar. Det er utvida til 60 plassar fram til nytt barnehageår hausten 2017.

### Mål:

Brukarperspektiv;

Barnehagen skal organiserast etter lov, rammeplan og gjeldande forskrifter. Årsplan til barnehagen trekkjer dei store linjene ned til lokale forhold.

Barnehageplass til alle som har rett til det.

Medarbeidarperspektiv;

Midsund Kommune yter framtidssretta tenester med ansvarlege og motiverte medarbeidrarar.

Eit optimalt arbeidsmiljø med trivsel og engasjerte medarbeidrarar.

Økonomisk perspektiv;

Det å organisere drifta av barnehagen på best mogleg måte ut frå dei økonomiske rammene som kommunestyret har tildelt barnehagen.

	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Tal på tilsette:	13	13	15
Tal på årsverk:	10,7	10,8	11,7
Tal på avdelingar:	3	3	3
Tal på barn:	45	44	45

### Økonomisk ramme:

	<b>Regnskap 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>	<b>Budsjett 2020</b>
Midsund barnehage	5 499 899	5 881 000	<b>6 171 000</b>	6 171 000	6 171 000	6 171 000

Budsjett 2017 er det lagt inn 40% assistent etter Opplæringslova og 40% assistent etter Barnehagelova tom juli. Det er også ein assistent i 100 % tom juli. Den assistenten følger vedtaket om utviding til 60 plasser.

### Utfordringar:

Nedgang i foreldrebetaling, grunna stor utsLAG i soskenmoderasjon, inntektsgradert foreldrebetaling og gratis kjernetid på 20 timer pr. veke for 3,4 og 5 åringer –det og inntektsgradert.

Anita Bugge

Einingsleiar



## Gjerdet barnehage

### MÅL

Brukantar:

Retten til barnehageplass skal bli innfridd.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Medarbeidarar:

Midsund kommune yter framtidsretta tenester med ansvarlege og motiverte medarbeidrarar.  
(Langtidsfrisk2009).

### Økonomi

Drifte barnehagen på best mogleg måte ut frå dei økonomiske rammene kommunestyret har tildelt barnehagen i budsjett- og økonomiplanperioden.

	2014	2015	2016	2017
Tal på basar/avd.	5	5	5	5
Tal på plassar	84	90	90/102	102/96
Tal på barn	72	72/69	69/76	76
Tal på årsverk	15.6/16.6	16.6	16.6/18.6	18.6/17.6
Tal på tilsette	25	25/22	22/24	24
Årsverk spes.ped.	*1.08	*1.08/0	1.2	1.4/1.2

\* I tillegg kjem 1.2 årsverk knytt til Prosjekt Regnbuen

### Økonomisk ramme:

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Gjerdet barnehage	8 161 833	9 917 000	10 654 000	10 654 000	10 654 000	10 654 000

Endringar i driftsrammer for 2017 og i planperioden:

- Gjerdet barnehage 102 plassar ut barnehageåret 2016/2017 (90 plassar opprinneleg), 2 stillingar knytt til engasjement barnehageåret 2016/2017.
- 6 nye plassar vert oppretta i samband med lovendring: «Rett til barnehageplass dersom barnet er født innan utgangen av oktober.» Dvs. 96 plassar frå barnehageåret 2017/2018.
- Auke i spesialpedagogiske tiltak 2016/2017.
- Nye moderasjonsordningar medfører inntektstap totalt sett i Gjerdet barnehage.
- Inntektsauke: Auke i inntekter knytt til utviding av plassar og auke i maksprisen nasjonalt.
- Kutt: Stilling knytt til språkutvikling, ikkje lovfesta med eiga stilling. Men, vi har meir enn 30 % fleirspråklege barn og denne stillinga var meint å stimulere til tidleg og god språkutvikling. Tidleg intervension er nødvendig for sosial mestring og ein god skulestart for alle barn i kommunen.

Birgitta Hole  
Einingsleiar



## Midsund kulturskule

Vi ønskjer å kunne gje eit kulturskuletilbod til alle i Midsund, som ønskjer det. Kulturskulen skal vidareutviklast til eit lokalt ”ressurssenter”, for kulturfag, gjennom opplæring, oppleveling og formidling innan fagområda dans, kunst, musikk og teater og skapande skriving. Barn og unge er prioritert. Vi har i dag ikkje tilbod i teater og skapande skriving.

Rektor har 100% stilling, dei andre tilsette har stillingsprosentar frå 7,1- 54 %. Til saman har vi 290% stilling ved utgongen av 2016. I tillegg kjøper vi danseinstruktør frå Operaen i Kristiansund tilsvarande om lag 20 % stilling. Instruktørar til tidsavgrensa kurs leigast også inn utanfrå, men desse kursa fører normalt ikkje til store utgifter for kommunen.

Elevplassar totalt: 184 faste plassar, fordelt på dans, ulike instrument, kor, visuell kunst og produksjonsteknikk. Vi har også eit samarbeid med Midsund skule om «Korps i skulen», samt at vi leverer musikkclærarar til Midsund Montessoriskule i ein kortare periode. «Frem frå glemselet» og «Musikk ved starten av livet» er populære tilbod til dei eldste og dei yngste.

### Økonomisk ramme kulturskulen

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Midsund kulturskule	1 628 125	1 692 000	1 802 000	1 802 000	1 802 000	1 802 000

### Endringar i driftsramme for 2017 og utover i planperioden:

#### *Endringar i budsjettet frå 2016- 2017:*

- Ny lærar i violin og cello fører til auka løn grunna stor variasjon i årsløn, som gir auka utgifter med kr. 36.000,-.
- Tilsett ny kordirigent for kulturskulekor, samt ekstra song- elevar (9% stilling), som gir auke i utgifter: kr. 53 000,-.
- Reduksjon i inntekt: Budsjettert inntekt frå utleige av organist er fjerna: Kr. 30 000,-

#### *Ønsker for planperioden 2017- 2019:*

##### Ønskje om å oppfylle vedtatt rammeplan for kulturskulen:

- Etablere fast tilbod i drama prioriterast
- Auke stillingsprosent for opplæring i strykeinstrument frå 7- 20 %
- Etablere skulekorps
- Etablere fast tilbod i visuell kunst (vi har no kun tidsavgrensa kurs)
- Det er budsjettert med ei vesentleg inntekt (kr 60- 80000) i internsal frå kulturskulen til Midsund skule. Føresetnader for dette er at Midsund skule kan kjøpe desse tenestene. Skuleåret 2016/2017 har vi klassekorps i 5. klasse. Vi reknar med å kunne halde fram med dette.
- Nye lokaler vil føre med seg ein del auka utgifter til utstyr og liknande.

Åshild Melkeraaen

Rektor



## Helse- og omsorg

Tenesteområdet omfattar: Administrasjon, Legekontor, Helsestasjon, Jordmor, Helsesøster, Fysioterapi, Psykisk helse, Midsund sjukeheim, Heimesjukepleie, Butenesta, Aktivitetstilbod og Bukollektiv i Molde. Denne vil bli endra ved at Butenesta blir eiga eining og Bukollektivet i Molde blir avslutta.

**Hovudmål:** Midsund helse- og omsorg på veg mot toppen med framtidsretta, motiverte og ansvarlige tilsette, som har verdiane gjestfridom, innovasjon, fokus på berekraftig forvaltning og sørvisinnstilling. Dette for å kunne sikre brukarane god kvalitet i tenesta.

Mål og oppgåver:

- \* Oppretthalde god kvalitet på alle helse- og omsorgstenester og gje gode, forutsigbare og trygge tenester
- \* Sikre at brukarane får rett hjelp til rett tid.  
gje tenester til dei som blir utskriving frå sjukehus/behandlingsinstitusjonar og har behov for tenester enten ved korttidsopphald eller heime.
- \* Ø-hjelp døgnopphald inntil 72 timer
- \* Å kunne bu lengst muleg heime.
- \* Gje tilstrekkeleg med tenester heime, nødvendige hjelpemidlar, førebyggjande tiltak i heimane der det er muleg.
- \* vurdere behovet og effekt av omsorgsbustad.
- \* Arbeide vidare med omsorgsplan 2020 som også inneholder delplanar for :
- \* Rehabilitering og habilitering, handlingsplan for vold i nære relasjonar, demens,
- \* Bruke kompetansemidlar frå Kompetanseløftet 2015.
- \* formidle stipend frå Omsorgsløfte 2015 til tilsette som tek grunn- og/eller vidareutdanning.
- \* Interne og eksterne kurs for å auke kompetanse
- \* Oppfølging i forhold til sjukefråvær- målet er å halda sjukefråværet under 6%.

Statistikk på bemanning på helse og omsorg

	2013	2014	2015	2016	2017
Tal på tilsette	112	126	135	136	132 (inkl. Butenesta)
Tal på årsverk	66,82	73,78	76,65	76,03	78,41 (inkl. Butenesta)

Økonomiske rammer helse og omsorg (nettoramme):

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Helse- og omsorg adm	1 243 577	1 185 000	914 000	914 000	914 000	914 000
Helsetenester	7 410 904	8 137 000	8 425 000	8 425 000	8 425 000	8 425 000
Midsund sjukeheim	20 105 974	20 412 000	21 322 000	21 322 000	21 322 000	21 322 000
Heimetenesta	9 633 348	9 803 000	10 493 000	10 493 000	10 493 000	10 493 000
Butenesta	12 737 170	11 147 000	12 369 000	12 369 000	12 369 000	12 369 000



## Kommentarar knytt til budsjett 2017

Etter første forslag til budsjett for 2017 fekk Helse og omsorg eit samla oppdrag om å redusere nettoutgiftene med kr 1,777 mill. For å gjennomføre denne reduksjonen blei det tatt ut 2 langtidsplassar på Midsund sjukeheim og gjort endring på leirstrukturen i heile Helse og omsorg. Ein avslutta alle avdelingsleiar og opprettheld Einingsleiar for Helse og omsorg. Opprettar ei ny eining, Butenesta med ein eigen einingsleiar

Styrking av helsesøster-/skulehelsetenesta med ei 0,35 stilling i 2016 har blitt til 0,50 st. i 2017.

Har lagt inn heilårsverking i 2017 på nyetableringa i Butenesta frå 2016.

Avviklar Bukollektivet i Molde i Juni 2017. Her er utfordringa å ha ei bustad i nær knyting til Myratun.

Har i heimebasert omsorg satt opp ekstra fagansvarleg med 0,20 st. for å gjere vedtak, noko som er heilt nødvendig for å komme ajour i forhold til tenestemottakars rettigheter.

Avdeling helse har ein redusert stilling til Kommuneoverlegen frå 0,40 st. til 0,30 st. og kommunelegen frå 0,30 st. til 0,20 st.. I tillegg er det justert opp 0,05 st. på helsesekretær.

I helse og administrasjon, Helse og omsorg har det blitt endring med at einingsleiar er teke ut å blitt i budsjettet belasta heimebasert omsorg og sjukeheimen. Har justert stillinga til systemansvarleg frå 0,16 st. til 0,30 st. for å ivareta dei utfordringane som fagsystemet gje og elektronisk meldingsutveksling.

## Samla konklusjon

Dette budsjettforslaget fører ikkje til at nokon vert oppsagt, då ein har vakante stillingar og personar med permisjonar. Dette gjer det enklare å plassere dei som blir flytta frå avdelingsleiarfunksjonar.

Alle kutt/reduksjonar er krevjande. Innan området Helse og omsorg er det stort sett lovpålagte tenester, med unntak av dagsenteret. Det gir lite eller ingen innsparing då det må aukast med personell i heimebasert omsorg.

Lovverket innan helse og omsorg gir ikkje klare reglar for kor stor og omfattande tenestene skal vere. Det som er sikkert er at kommunen er pliktig til å gje nødvendig helsehjelp til ein kvar tid, både til innbyggjarane og dei som oppheld seg i kommunen og at tenestene skal ha god fagleg kvalitet.

Utfordrande legevaktområde som dekkjer 3 øy-kommunar. Har i 2016 innført betaling av legevaktansvar, dagtid på vekedagar. Denne kostanden var ikkje lagt inn i budsjett 2016, men er no teke inn i dette budsjett.

Leif Arne Lagesen  
Einingsleiar



## Helse og omsorg administrasjon

Statistikk:	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Tal på tilsette	2	3	3	3	3	3
Tal på årsverk	1,25	1,25	1,26	1,26	1,26	1,00

### Økonomi:

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Helse- og omsorg adm	1 243 577	1 185 000	914 000	914 000	914 000	914 000

Har tatt ut einingsleiarstillinga frå administrasjonen. Auka systemansvarlig på Profil frå 0,16 st. til 0,30 st. for å sikre oppfølging av fagsystemet, IPLOS og elektronisk utveksling med helseføretaka.

## Helsetenesta

Kommunelegekontor, Fysioterapi, Psykisk Helse, Jordmor og Helsesøster

Statistikk:	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Tal på tilsette	12	11	12	12	13	12
Tal på årsverk	6,37	6,17	6,51	6,49	7,15	7,15

### Økonomi:

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Helsetenester	7 410 904	8 137 000	8 425 000	8 425 000	8 425 000	8 425 000

### Kommentarar

- Øyeblikkelig hjelp, døgnopphald: Har midler tilsvarende 0,3 seng/år. Dei midlane skal brukast til å styrke personalressursen når nokon er inne. Frå 01.01.2017 gjeld det også rus- og psykisk helse.
- Helsetasjonsteneste: Har 1,50 stilling, jfr. rammetilskotet/styrkingstiltak for styrking av skole helsetenesta. I tillegg har ein 0,10 st. til styrking knytt til flyktningar.
- Jordmerteneste: Ingen endringar.
- Kommunelegekontoret: Har lagt inn budsjett på legevakt dagtid på vekedagar. Har redusert kommuneoverlegestilling med 0,10 st. (avdelingsleiarfunksjon), 0,10 st tilsvenslege og også helsesekretær med 0,05 st.
- Psykisk helse: Ingen endringa. Her er ligg det i ramme ei styrke på psykisk helse og Rus utan at det er sagt kor mykje det vil gje til kommunen. Men dette følte trenger å bli styrka. Har også pasientgruppe innanfor psykisk helse. Har styrka med overføring av 0,20 st frå heimebasert omsorg til Møteplassen. Har fått tildelt 0,25 st. frå Fylkesmannen for 1 år. Den skal arbeide med små-jobb sentral.
- •Fysioterapi: Har opprettholdt 0,30 st. kommunalt.

### Planlagde investeringar:

- Har ønske om investering av nye møbler til venterommet på helsesenteret.



## Midsund sjukeheim

Sjukeheimen har etter reduksjon på 2 langtidsplassar, til saman 24 plassar til langtidsopphald og 2 plassar korttidsopphald og institusjonskjøkken.

### Statistikk

Brukantar:	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Tal på sjukeheimspllassar	28	26	26	26	26	24
Tall på korttidspllassar	2	2	2	2	2	2
Bemanning:						
Tal på tilsette	50	49	49	49	50	44
Tal på årsverk	30,88	29,59	29,65	29,66	29,66	30,49

### Økonomi:

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Midsund sjukeheim	20 105 974	20 412 000	21 322 000	21 322 000	21 322 000	21 322 000

### Kommentarar om avdelingane og bemanninga:

Har ø-hjelpe døgnopphald som blei starta i 2016. Fortsatt berekna 0,30 seng og fått tildelt økonomi på ramma til kommunen med kr. 505.000,- Her skal det også bli gitt same teneste til de med rus- og psykiske problem. Er noko uklart korleis dette skal bli gjennomført.

Har reduksjon på 2 langtidsplassar og auka bemanning på skjerma eining med kveldsvakt og dag/kveld på helg. Reduksjon med langtidsplass gje ca 0,95 st i reduksjon.

Har tatt ut avdelingsleiarfunksjon, satt opp einingsleiarkostand med 0,50 st og auka fagfunksjon med 0,10 st. som har fokus på vedtaksskriving.

**Solstua:** Skjerma avdeling for 10 personar med demens. 3 dagvakt og 2 på kveldsvakt heile veka. Der har ein satt opp nødvendig ekstra ressursar slik at dei har 3 på dag og 3 på kveld heile veka

**Havstua:** Somatisk avdeling med 8 personar. 2 av desse plassane er korttidsopphald der det skal gevast habilitering/rehabilitering.

Bemanninga er 2 på dagvakt i vekedagar, 2 dagvakter på helg/høgtid og 2 på kveldsvakt heile veka.

**Fjellstua:** Somatisk avdeling med 8 personar.

Bemanninga er 2 på dagvakt og 2 på kveldsvakt heile veka.

**Natt:** Her er det 3 aktive nattevakter heile året.

Nattevaktene har ansvaret for 3 avdelingar på sjukeheimen, omsorgsbustadane (300 og 500 serien) samt alle som har tryggleiksalarmer (30 – 40 personar).

**Kjøkkenet:** Produserer mat til institusjonen og sel mat til personar som bur i omsorgsbustad eller i eigen bustad. Ei svært nødvendig teneste for mange personar. Har 3 dagvakter på vekedagar og 1 dagvakt på helg.

Har ikkje noko endringar ved Midsund kjøkken.



## Heimebasert omsorg

### Statistikk

Brukantar:	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Tal på tenestemottakarar	77	82	87	85	85	84
Heimehjelp	40	42	46	44	44	40
Dag-aktivitet for heimebuande med demens	3	3	4	4	5	8
Transportstøtte (transport til eldre og uføre*)	59	60	60	60	60	58
Tryggleksalarm	27	34	41	38	38	40
Aktivitetssenter	20	20	20	20	20	20
Multidoser	30	32	34	32	32	34

Bemannning:	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Tal på tilsette	22	19	18	18	18	23
Tal på årsverk	13,77	11,47	12,01	12,02	12,12	12,38

\*Transportstøtte – tal på brukarar, sjå kommentarar side 40 om brutto driftsutgifter per tenestemottakar

\* Tall 2014 og 2015 er personar frå prosjekt 12 tatt med 1,04 st.

### Økonomi

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Heimetenesta	9 633 348	9 803 000	10 493 000	10 493 000	10 493 000	10 493 000

**Heimebasert omsorg:** Dagplass for heimebuande personar med demens oppretthalde. Denne tenesta blir gjennomført i samarbeid med Akslaaugen/Inn på tunet. For 2017 er det 5 plassar 5 dagar i veka. Vil vere stengt 4 veker på sommaren.

Har tatt ut avdelingsleiarfunksjon, satt opp einingsleiarkostand med 0,50 st. og auka fagfunksjon med 0,20 st. som har fokus på vedtaksskriving. Dette er særskilt viktig for å oppretthalde tenestemottakar sine rettigheter og ikkje minst å ha oversikt over gjeldande vedtak til ein kvar tid.

Har demenskoordinator med 1 dag i veka til å organisere og følgje heimebuande personar med demens. Oppfølginga gjeld også kartlegging av behov, tilrettelegging for tenester og kommunikasjon med dei som gir tenester.

Har hjelphemiddelansvarleg i 0, 20% st. 1 fast dag i veka. Ser at det her er større behov for hjelphemidla i heimen. Det skuldas bl.a. at ein kjem tidlegare heim frå behandling i helseføretaka samt at ein både ønskjer og må vere heime lengre. Ser at vaktmeistertenesta aukar i kostnad med å leve/hente og installerer hjelphemidlar.

**Aktivitetssenteret:** Ingen endring. Opprettheld dei 2 dagar pr. veke.

**Avlastning/Støttekontakt:** Har ikkje gjort noko auke i denne posten.

Dette er gode og lite kostnadskrevjande tenester.



## Butenesta

Statistikk Brukarar

	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Tal på tenestemottakarar	7	9	10	11	11	11

Bemannig	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Tal på tilsette	34	33	44	51	52	49
Tal på årsverk	19,78	18,98	25,68	27,22	25,84	27,39

### Økonomi:

	<b>Regnskap 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>	<b>Budsjett 2020</b>
Butenesta	12 737 170	11 147 000	12 369 000	12 369 000	12 369 000	12 369 000

**Prosjekt Regnbuen:** Oppretthalde med støttekontakt/avlastning.

**Myratun:** Har tatt ut avdelingsleiarfunksjon, einingsleiarkostnad med 100% stilling og auka fagfunksjon med 20% stilling som har bl.a. fokus på vedtaksskriving med vektlegging på kap.9. Bruk av tvang og makt. Har stort behov for å interne kurs for fagleg styrke av personalet knytt til bruk av makt og tvang. Har mykje samarbeid med habiliteringstenesta.

Opprettheld tenesta med 2:1 bemanning.

Nyetablering i 2016 er lagt inn i budsjettet med full drift i 2017.

**Bukkollektiv i Molde:** Vi bli avslutta i juni 2017. Da vil det bli etablering i nærleiken av Myratun.

Tilskot til særleg ressurskrevjande tenester: Har satt opp eige skjema for å beregne kostnaden for 2017 og refusjon rekna til i overkant av 12,3 million kroner.

**Aktivitetssenteret Vågatun:** I budsjettet bereknar ein at kjøpet av bygningen er gjort og ein har ikkje lagt inn noko husleigekostnad i 2017.

## NAV Midsund

### Mål og oppgåver:

- NAV Midsund skal levere tenester av høg kvalitet til innbyggjarane i Midsund kommune, med høg grad av brukarmedverknad.
- NAV Midsund skal ha kompetente medarbeidrarar og eit godt arbeidsmiljø der den enkelte får bruke sine ressursar og oppleve meistring i kvardagen.
- NAV Midsund skal til ei kvar tid ha kontroll og oversikt over økonomi.

### Bemanning:

3,7 årsverk, herav 1 kommunalt, 4 tilsette

### Økonomiske rammer NAV – sosiale tenester

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
NAV, sosialtenesta	1 795 729	1 893 000	1 954 000	1 954 000	1 954 000	1 954 000

Det er lagt til grunn ei vidareføring av dagens driftsnivå i 2017 og i planperioden

Ann Elin Høgset  
Einingsleiar

## Barnevern

### Økonomiske rammer Barnevern

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Barnevern	2 396 825	3 000 000	3 200 000	3 200 000	3 200 000	3 200 000

Midsund kommune kjøper tjeneste av Molde kommune. Ny avtale vart utforma hausten 2015. Auke kjem som konsekvens av tiltak og auke i administrasjonsutgifter.

Ketil Ugelvik  
Einingsleiar



## TEKNISK

Til teknisk ligg administrasjon, reguleringsplanar på land og sjø, konsesjon for fiskeoppdrett, byggjesaksbehandling, kart og deling, bustadføremål, kommunalt vedlikehald, vassverk, avløp, nokon av kaiene, renovasjon, slambehandling, brann –og feiing, oljevern, kommunale vegar og veglys, landbruk, skogbruk, viltforvalting og interkommunale planar innanfor områda.

### Mål og oppgåver

- god service og informasjon internt og eksternt
- utføre nødvendig prioritert vedlikehald på bygg og anlegg
- interkommunalt samarbeid der det er formålstenleg
- betre kommunikasjonar
- vere ein aktiv tilretteleggjar og medspelar for næringslivet
- vere bevisst på miljøvern
- sikre ei berekraftig landbruks -og viltforvalting

Bemanning	2015	2016	2017
Tal på tilsette	39	39	39
Tal på årsverk	15,9	15,9	15,9

### Økonomisk ramme teknisk:

Regnskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	
	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Teknisk adm og fellesutgifter	1 301 442	1 497 000	1 479 000	1 479 000	1 479 000	1 479 000
Eigedomsforvaltning	10 393 139	11 258 000	11 323 000	11 323 000	10 640 000	10 640 000
Kommunale utleigebustader	-	1 021 016	-	1 210 000	-	1 210 000
Oppmåling, byggesak og plan	284 606	276 000	260 000	260 000	260 000	260 000
Brann- og oljevern	2 409 753	2 485 000	2 621 000	2 621 000	2 621 000	2 621 000
Kommunale vegar, samferdsel	2 766 440	2 050 000	1 997 000	1 997 000	1 997 000	1 997 000
Landbruk og viltforvaltning	280 964	330 000	346 000	346 000	346 000	346 000
Total teknisk:	16 415 328	16 778 000	16 816 000	16 816 000	16 133 000	16 133 000

### Endringar i driftsramme for 2017 og i planperioden – dei viktigaste og største.

#### Generelt:

Driftsramma til teknisk har gått ned frå 2016 til 2017 med ca. kr. 42.000,-.

#### Teknisk adm. og vedlikehald

- Minka budsjett med kr. 18.000,-

#### Eigedomsforvaltning

- Auka budsjettet med kr. 65.000,-

#### Kommunale utleigebustader

- Auka budsjettet med kr. 65.000,-

#### Oppmåling, byggesak og planarbeid

- Ingen aktivitet vedk. planarbeid er lagt inn i 2017
- Har lagt inn ein inntektsreduksjon for minkande aktivitet i byggjebransjen.



## Brann- og oljevern

- Ingen endring er lagt inn, berre vidareføring av 2016 budsjettet.
- Opplæring: manglar litt i budsjetttramme til å stette krav til opplæring - brev frå brannsjefen vedk. opplæring av mannskap, lovbestemt.
- I 2016 blir det tilsett ny brannmeister som også treng opplæring.
- Opplæring er ein kontinuerleg prosess framover.

Dette hovudansvaret har gått med underskot dei tidlegare åra.

Korleis skal Midsund brann og redning takle krava til opplæring for å ta vare på pålagt HMS ?

## Kommunale vegar, samferdsel

- På dette hovudansvaret er dei ei underbudsjettering på ca. kr. 250.000,- Noko av dette tek ein inn på standardhevinga på veg og veglys som er utført tidlegare. Kvart år går dette hovudansvaret med overforbruk.

## Landbruk og viltforvaltning

- Vidareføring av 2016 budsjettet.

## Konklusjon.

Som vanleg er det eit stramt budsjett som krev at alt går på skinner utan forutsette hendingar.

Konsekvensen av budsjettet blir at Teknisk blir mykje meir kritisk til kva som skal utførast, spesielt ting som ikkje er direkte underlagt eininga, samt der ein kan redusere kostnadane.

Størst problem er det innan brann og kommunale vegar.

På heile ansvaret er det ein reduksjon på ramma med kr. 42.000.

Inge Rakvåg  
Teknisk sjef



## VAR – vatn, avløp, renovasjon, slamtømming og feiing

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
<b>500 VAR</b>						
5010 Kommunalt vassverk	-	-	-	-	-	-
5020 Kommunale avløp	-	-	-	-	-	-
5030 Interkomm. renovasjonsordning	-	172 148	-	120 000	-	-
5035 Privat slamtømming	-	-	-	-	-	-
5040 Feiarvesen	-	-	-	-	-	-
<b>Sum hovedansvar: 500 VAR</b>	<b>-</b>	<b>172 147</b>	<b>-</b>	<b>120 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

VAR området er sjølvkost. I 2015 og 2016 hadde Midsund kommune pengar til gode frå renovasjonsordninga og hadde difor ei inntekt på dette området.

### Endringar i driftsramme for 2017 og i planperioden

#### Vatn:

- Det er store investeringar i perioden .
- Kontinuerleg ordne opp på områder der ein rehabiliterer eller legg avløpsledningane. Nokre flyttingar av ledningar må ein pårekne ved husbygging.
- Vedlikehald av gamle kummar er også ei prioritert oppgåve som kjem til å gå føre seg i fleire år framover.
- Fondet er pr. 31.12.15 på kr. 662.000,-.
- Gebyret som gebyrvedtaket.

#### Avløp:

- Innfor avløp har Midsund kommune kostnad med å rydde opp i strandsona der det ikkje er slamavskillar. Dei største og første e Drønnesundvågen.
- Investeringstempoet avgjer kor stort gebyret skal bli sidan dette er sjølvkost.
- Innimellom kjem det kostnad for å opparbeide nye utbyggingsområde.
- Fondet er pr. 31.12.15 på kr. 353.000.-
- Gebyret som gebyrvedtaket.

#### Renovasjon:

- Skyldig Midsund kommune pr. 31.12.15 kr. 186.000,-
- Gebyret som gebyrvedtaket.

#### Slamtømming:

- Fondet er pr. 31.12.15 på kr. 160.000,-.
- Gebyret som gebyrvedtaket.

#### Feiing:

- Skyldig Midsund kommune pr. 31.12.15 kr. 79.000,-
- Gebyret som gebyrvedtaket.



## Kommunale gebyrer - Budsjett 2017

Midsund kommune beregner kommunale gebyrer i tråd med Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betaltjenester (H-3/14, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, februar 2014). Selvkost innebærer at kommunens kostnader med å frembringe tjenestene skal dekkes av gebyrene som brukerne av tjenestene betaler. Kommunen har ikke anledning til å tjene penger på tjenestene. En annen sentral begrensning i kommunens handlingsrom er at overskudd fra det enkelte år skal tilbakeføres til abonnentene eller brukerne i form av lavere gebyrer innen de neste fem årene. Dette betyr at hvis kommunen har overskudd som er eldre enn fire år, må overskuddet brukes til å redusere gebyrene i det kommende budsjettåret. Eksempelvis må et overskudd som stammer fra 2012 i sin helhet være disponert innen 2017.

### Utdringer med selvkostbudsjettet


Det er en rekke faktorer som Midsund kommune ikke rår over i forhold til hva selvkostresultatet for det enkelte år vil bli. De viktigste faktorene er budsjettårets forventede kalkylerente (5-årig SWAP-rente + 1,2 % poeng), gjennomføringsevne på planlagte prosjekter (kapasitetsbegrensninger internt og eksternt), samt (uventede) inntekter fra nye abonnenter eller brukere. I sum fører dette til at det er utfordrende å treffe med budsjettet.

### Generelle forutsetninger

Kalkylerenten er for 2017 ansatt til å være 1,80 %. Lønnsvekst fra 2016 til 2017 er satt til 4,00 % mens generell prisvekst er satt til 4,00 %. Budsjettet er utarbeidet den 29. oktober 2016. Tallene for 2015 er etterliknende, tallene for 2016 er prognoserte verdier og ikke tall fra budsjettet. Tallene for 2017 til 2020 er budsjett/økonomiplan. Ved behov for ytterligere grunnlagstall og beregningsmetoder henvises det til kommunens selvkostmodell Momentum Selvkost - Kommune.

### Gebyrvikling vann, avløp, renovasjon og feiling.

Fra 2016 til 2017 foreslås en samlet gebyrreduksjon på rundt -20 % for å dekke kommunens kostnader på områdene. Gebyret for vann øker med 8 %, mens gebyret for renovasjon reduseres med 35 %. I perioden 2015 til 2020 reduseres samlet gebyr med kr 1 361,- fra kr 13 907,- i 2015 til kr 12 547,- i 2020. Dette tilsvarer en gjennomsnittlig årlig gebyrreduksjon på 2 %. I stolpediagrammet under er gebyret for vann og avløp basert på et årlig målt forbruk på 160 kubikkmeter vann. Gebyrsatsene er inkl. mva.



Årlig gebyrendring fra året før	2017	2018	2019	2020
Vann	-7,8 %	0,1 %	0,3 %	5,5 %
Avløp	-20,3 %	-5,0 %	1,7 %	2,7 %
Renovasjon	-34,0 %	3,0 %	4,0 %	4,0 %
Feiling	0,0 %	1,3 %	-3,0 %	2,2 %
Total endring	-19,7 %	1,3 %	3,8 %	4,1 %

Dette forslaget til gebyrsatser for 2017 er utarbeidet i samarbeid med Momentum Selvkost AS. Midsund kommune benytter selvkostmodellen Momentum Selvkost Kommune til for- og etterkalkulasjon av kommunale gebyrer. Modellen benyttes for tiden av flere enn 250 norske kommuner. Momentum Selvkost AS har mer enn 10 års erfaring med selvkostproblem atikk og bred erfaring rundt alle problem stillinger knyttet til selvkost.



Midsund kommune



Vedlegg 1 – Vedtak

Vedlegg 2 - Detaljbudsjett